

Møteinnkalling

Utval:	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad:	Hjelle hotell, Stryn
Dato:	06.06.2016
Tidspunkt:	10:00

Hei,

Velkommen til styremøte og synfaring i fagre Stryn den 6. juni.

Her er tidsplanen for dagen.

Kl. 09.30 Kaffi og oppmøte på Hjelle hotell

Kl. 10.00 Styremøte

Kl. 12.00 Lunsj på Hjelle hotell

Kl. 12.45 Avreise frå Hjelle til Sunndalen

Kl. 13.00 Møte grunneigarar og DNT-Oot på parkeringsplassen ved Sunndal gard

Ca kl. 17.00 Retur

Kl. 19.00 Middag og overnatting på Hjelle hotell for dei som ønskjer å bli med på offisiell opning av den nyrestaurerte ferdselsvegen i Oldeskaret dagen etter

Viss nokon av dei faste styremedlemmane ikkje har høve til å delta på styremøtet og/eller synfaringa til Sunndalen må de seie i frå til underteikna ved første høve.

Viss nokon ønskjer overnatting på Hjelle frå søndag til måndag grunna tidleg møtestart, meld i frå til Maria!

Møt opp i kle som høver seg for all slags vær, og ta gjerne med ei drikkeflaske i sekken.

Vel møtt til Stryn, Hjelle hotell <http://hjelle.com/> og Sunndalen!

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 19/16	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 20/16	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 21/16	Orienteringar		
RS 3/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - delegert vedtak - løyve til helikoptertransport av trapper og bruer ut frå Brenndalen - Briksdal Adventure		2012/4386
RS 4/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - delegert vedtak - løyve til motorisert ferdsle for hydrologiske undersøkingar 2016 - NVE		2011/4628
ST 22/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til å plukke stein til forblending av sikringshytte - Bergen turlag		2016/1481
ST 23/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikopterfrakt av material til bygging av sikringshytte på Skåla - Bergen turlag		2016/1482
ST 24/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorisert ferdsel og lagring av kasser og utstyr ved Briksdalsvatnet - Briksdal Adventure		2016/1499
ST 25/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - utvikling av film om nasjonalparken jf tiltaksplanen		2015/4004
ST 26/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - helikoptertransport og bytte av tak på sel på Ruteflotsetra - R. Nesdal		2016/1577
ST 27/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - skifte av tak på Ruteflotsetra - A. Hoem		2016/1780
ST 28/16	Eventuelt		

Orienteringar:

1. Status på tiltaksplanen
2. Førespurnad kring kalking på Skåla, og status på byggeprosjektet
3. NiN-kartlegging i Sunndalen og Erdalen forhåpentlegvis neste år?
4. Offisiell opning av den nyrestaurerte/oppgraderte stien til Oldeskaret
5. Norsk Bremuseum 25 år, med royalt besøk til feiringa
6. Status på fjerning av trapper/bruer i Brenndalen
7. Førespurnad kring jordprøver i nasjonalparken
8. Ny endringssak på eit sel på Sunndalssetra, samt uløyvd tilbygg på anna sel på Sunndalssetra. Sannsynleg trong for styremøte via e-post el telefon før sommarferien.

ST 19/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 20/16 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll

ST 21/16 Orienteringar

RS 3/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - delegert vedtak - løyve til helikoptertransport av trapper og bruer ut frå Brenndalen - Briksdal Adventure

RS 4/16 Jostedalsbreen nasjonalpark - delegert vedtak - løyve til motorisert ferdsle for hydrologiske undersøkingar 2016 - NVE

Arkivsaksnr: 2016/1481-0
Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm
Dato: 05.05.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	22/16	06.06.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til å plukke stein til forblending av sikringshytte - Bergen turlag

Innstilling frå forvaltaren

I medhald av naturmangfoldlova § 48 gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til Bergen turlag v/ Johnny Bjørge for å plukke ein naudsynt mengde stein i nærmare tilvist område, med det føremål å forblende veggjar på den nye sikringshytta på Skåla og tilpasse bygningen meir inn i landskapet i området, på følgjande vilkår:

- Området skal avklarast på synfaring i felt sommaren 2016 med nasjonalparkforvaltaren.
- Det skal ikkje takast spesielt store, lavprega eller særmerkte stein.
- Steinen skal takast spreidd over eit stort, definert område, slik at uttaket ikkje er synleg på avstand eller endrar landskapets karakter.
- Dersom det visar seg å være bakkehekkande fugl i det avsette området, må forvaltar underrettast, og eit alternativt område skal nyttast i ruge- og reirperioden.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om plukking av stein, frå Bergen turlag, datert den 12. april 2016.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til bygging av ny sikringshytte ved Skålatårnet, sak 22/15, møtedato 12.10.2015.
- Søknad om oppsetting av sikringshytte, frå Bergen turlag, datert den 25. august 2015 (med vedlegg i form av prosjektskildring, perspektivteikningar, teikningar med plan, snitt og fasade, og dronebilete med film).
- Søknad frå Bergen turlag datert den 5. desember 2014.
- Referat frå møte 11. februar 2015, møte 3. september 2013, og frå møte 4. mai 2011.

- Uttale frå kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Knut Åland (gjengitt i referat frå 3. sept. 2013, samt munnleg i 2015).
- Synfaring med SNO, Bergen turlag og entreprenør Bjørn Vike hausten 2015, samt tidlegare synfaringar på staden.
- Brev frå Klima- og miljødepartementet datert 02.03.2015 med retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldlova § 48.

Dokumenta som gjeld byggeløyvet er tilgjengeleg på heimesida til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, sjå lenkje til saksdokument.

Søknaden vert vurdert etter:


- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplan med tilhøyrande kart for Jostedalsbreen nasjonalpark, frå 1994

Søknaden


Søknaden er datert den 12. april, og signert Bergen og Hordaland turlag v/ hytte- og rutesjef Johnny Bjørge. Søkjar og nasjonalparkforvaltar har også hatt telefonkontakt.

Søknaden gjeld plukking av stadeigen stein på fjellet Skåla i Jostedalsbreen nasjonalpark. Det prefererte område for den omsøkte steinplukkinga er ikkje innteikna i kart, men i søknaden står det at Bergen turlag ønskjer å plukke stein i sør-aust for tårnet. Føremålet er å nytte steinen til forblending av veggjar på den nye sikringshytta. Forblendinga skal være som ein mur utanpå veggen av hytta. Då vil hytta være meir tilpassa landskapet på staden, jf krav frå nasjonalparkstyret, i vedtak i sak nr 22/15. I utgangspunktet skal muren være utført som tørrmuring, og i tilfelle det blir noko mørtel for å halde på steinen, blir dette ikkje synleg, jf e-post frå Johnny Bjørge.

Vedlagt søknaden om steinen er bilete av korleis den skal nyttast på bygget.



I ettertid av den innsendte søknaden om plukking av stein har det vore utveksla informasjon mellom Statsskog, som er grunneigar aust for tårnet, nasjonalparken og Bergen turlag. Statsskog v/ Kristin Midmageli skriv, i e-post den 13. mai 2016, at dei pleiar å ta ein pris for uttak av stein når steinen skal nyttast til byggematerial for nye bygg. Bergen turlag skriv at dei ikkje planlegg å plukke stein innanfor Statsskog si eigedomsgrense, og sendte eit kart med preferert plukkeområde (sjå kart). Det avkryssa området er vest for tårnet, nord for snøfonna.



Når grunnarealet for det nye bygget skal ryddast, og gravinga av fundament m.m. kjem i gong, vil også steinen frå det området nyttast i den omtalte steinmuren. Turlaget skriv at dei ikkje ønskjer å rydde heile plataet for stein. Dei kan ikkje sei kor store mengde dei har bruk for på søknadstidspunktet.

Steinen er tenkt plukka og lagt i «big bags» og flydd opp til byggeplassen. Spørsmål kring tal turar med helikopter er vurdert i ei anna styresak om motorferdsle i samband med byggeprosessen.

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er, i forskrifta datert den 25. oktober 1991, omtala slik:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap


I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, m.a. oppsetjing av bygningar, (...), graving og påfylling av masse, sprenging og boring, (...), bakkeplanering (...). Det er forbode å bryte laus stein, mineralar eller fossilar. Det same gjeld uttak av slikt materiale for sal. Uttak av stor stein eller stein i store mengde er også forbode (verneforskrifta § IV, punkt 1.1).


Verneforskrifta opnar ikkje for at det kan bli gitt løyve til å plukke stein i nasjonalparken. Søknaden må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova, som erstattar den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta pkt. VI. I fylgje naturmangfaldlova § 48, fyrste avsnitt, kan forvaltningsstyresmakta gjere unntak frå eit vernevedtak dersom «*det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*»

For at ein skal kunne gi ein dispensasjon etter nml. § 48 må tiltaket ikkje stride mot verneføremålet og ikkje påvirke verneverdiane nemneverdig. Dersom desse to vilkåra er oppfylte er det opp til forvaltningsmyndigheita sitt skjønn innanfor rammene av alminneleg forvaltningsrettslige reglar og retningslinjer, og instruksar frå overordna mynde, å vurdere om det skal gis dispensasjon. Forvaltningsmyndigheita bør særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon, til dømes om det kan kome liknande søknadar på same grunnlag. Dispensasjon etter nml. § 48 kan ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket.

Ved utøving av offentleg mynde skal også prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer for vedtaket, jf. naturmangfaldlova § 7.

I forvaltningsplanen for Jostedalbreen nasjonalpark er området langs den merka stien opp til Skåla, samt området Fosdalen og nærmaste areal rundt tårnet definert som «brukssone» (sjå utsnitt frå kart). Brukssone er, jf forvaltningsplanen side 31, område der ein del tiltak og inngrep kan tillatast, som merking av stiar og bygging av turlagshytter innafor eit planlagt rutenett (...).





Det lilla området som dekker Skåla er definert som blokkhav (forvittringsmateriale), lausmassetype 73. Hovudbergarten er monzonitt, kvartsmonzonitt. Den er grovkorna og nokre stader omdanna til augnegneis med alder opp i mot 1031 mill. år. Kjelde: NGU via Fylkesatlas.

Vurdering

I punkt 3, sak 22/15, i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sitt løyve til bygging av ny sikringshytte på Skåla, er det lagt vekt på korleis det nye bygget skal tilpassast landskapet på staden:

3. På taket kan det nyttast skifer, plank, eventuelt same taktekking (takpapp/-shingel) som på Skålatårnet. Utvendig kledning på sikringshytta skal ha same grånyanse som omgjevnaden på staden (i sommarhalvåret). Vesentlege delar av nord- aust og vestveggen som stikk opp av bakken bør være forblenda med stadeigen stein.

Nasjonalparkstyret har såleis allereie lagt opp til, i byggeløyvet, å opne opp for å nytte stadeigen stein til forblending av det nye sikringsbygget. Styret la den gong vekt på at bygget då vil være meir tilpassa landskapet på staden.

Det er ikkje mogeleg å avgjere på førehand kor det er mest gunstig å plukke stein til det omtalte prosjektet. Ein må være i felt for å kunne vurdere dette. På tidspunktet denne saka vert skriven for å handsamast av nasjonalparkstyret, er det framleis for mykje snø i området til å utreie dette før vedtaket vert gjort. Nasjonalparkstyret må likevel handsame saka i sitt siste møte før sommaren (grunna byggeprosessen), og må difor gjere vedtak om løyve til steinplukking utan å vite nærmare kva område som er avsett. Forvaltaren vil likevel, med vilkåra sett i løyvet, kunne avgjere dette i felt.

Nasjonalparkforvaltaren meiner vi har eit relativt godt kunnskapsgrunnlag (nml § 8) for å vurdere søknaden frå Bergen turlag. Det er ikkje registrert særskilt trua biologisk mangfald akkurat rundt tårnet, men det er ikkje utelukka at det er hekkande rovfugl i området. Nasjonalparkforvaltaren har sett fjellrype (*Lagopus mutus*) ved fleire høve, dette er også registrert i artsobs. Dette området er høgalpin sone, og fleire fugleartar hekker i denne vegetasjonssona om våren/forsommaren. Alle reir er ikkje registrert, og ein kan risikere at det kan dukke opp fugl på reir i det definerte plukkeområdet. Då er det viktig at fuglen ikkje blir uroa i denne viktige ruge- og ungeperioden. Med vilkår om at eit alternativt område skal nyttast, vil søkjar kunne ta omsyn til sårbart dyreliv (§§ 9, 11, 12). Steinen skal plukkast manuelt, og steinen som skal takast skal ikkje være særskilt stor, prega av lav eller være spesiell i nokon

form. Det er ein del kvit stein i området, som har vore brukt stadvis på vardane, disse skal ikkje nyttast til byggeprosjektet.

Bergen turlag vil få ein høgare kostnad ved å spreie plukkinga over eit større område. I tillegg vil dei måtte flytte plukkeområde viss dei kjem borti hekkande fugl (§ 11). Alternative driftsmetodar vil være å plukke stein frå eit område utanfor nasjonalparken (§ 12). Det ville kunne ha vore aktuelt, men då blir det ein anna type stein enn den stadeigna, noko som var eit vilkår i byggjeløyvet frå styret. Det blir også ein større kostnad for miljøet å fly steinen frå lengre avstandar. Det vil ikkje bli gitt løyve til å plukke stein på sjølve plataet rundt Skålatårnet, anna enn akkurat der hytta skal byggjast inn i bakken. Dette fordi det allereie har vore plukka stein til bygginga av Skålatårnet (fær vernetidspunktet, ferdig i 1891), og turistar plukkar mykje stein i området for å bygge småvardar. Samla belastning (§ 10) på total mengde stein blir for stor på plataet.

Forvaltar kan ikkje sjå bort i frå at aktuelt område for plukking av stein vil hamne innanfor Statsskog sin eigedomsgrense, dersom det er det mest hensiktsmessige arealet å plukke stein i frå. I område der snøfonner/breiar nettopp har smelta vekk (eit stykke vest for tårnet) , vil det ikkje være stein som er prega av lav. Lav er ein organisme som vert brukt til å analysere endringar i UV-lys, ozon-nivå og tid frå tilbaketrekking av is/snø. Jostedalsbreen er eit populært område for å forske på klima, og dette må leggjast vekt på i vurderinga av aktuelt område for å plukke stein. Jf. § 11 skal *«tiltakshavar dekke kostnadane ved å bregrense skaden på naturmangfoldet som tiltaket volder»*. Då vil dette kunne auke kostnaden for Bergen turlag, i og med at Statsskog har varsla at dei tek betalt for stein til bygging.

Forvaltar vurderer at tiltaket, ved å følgje fastsette vilkår, ikkje vil stride mot verneføremålet eller påverke verneverdiane nemneverdig, og tilrår å gje løyve til Bergen turlag.

Arkivsaksnr: 2016/1482-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 12.05.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	23/16	06.06.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til helikopterfrakt av material til bygging av sikringshytte på Skåla - Bergen og Hordaland turlag

Innstilling frå forvaltaren

I medhald av forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt, får Bergen og Hordaland turlag v/ Johnny Bjørge løyve til helikopterflyging til Skålatårnet i Stryn kommune for å frakte opp byggjematerial i samband med bygginga av ny sikringshytte. Løyvet inkluderer også frakt av stein frå definert område til byggeplassen.

Løyvet er gitt på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld for lågtflyging og inntil 200 landingar for frakt av material til Skåla, i traseen frå Breng i Lodalen til Skåla. Flyginga inkluderer også flyging av stein i frå avtalt stad for plukking og til byggeplassen.
2. Løyvet er gyldig i perioden 6. juni 2016 til byggeperioden er ferdig den 1. november 2018.
3. Flyginga skal være mest mogeleg konsentrert i tid. Om mogeleg, bør flyginga gå føre seg om morgonen eller seint på ettermiddagen, og unngå helge- og heilagdag.
4. Helikoptertransporten skal avgrensast til det som er strengt naudsynt. Under flyginga skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området, slik at ein så langt som mogeleg skal unngå å uroe desse.
5. Bergen turlag har ansvar for å sette opp eit godt synleg skilt ved parkeringsplassen på Tjugen, samt ved Skålatårnet, for å informere turgåarar om byggeprosjektet og helikopterflyginga.
6. Turlaget må unngå å fly i dei nærmaste dagane før, under og etter arrangementet Skåla Opp.

7. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha detaljert tilbakemelding innan 1. desember 2018 om gjennomført helikoptertransport (tal hiv, datoar, andre observasjonar).

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre delegerer mynde til forvaltar å gje løyve til utviding av tal hiv i samband med bygginga av sikringshytta, dersom det syner seg å være naudsynt.

Saksopplysningar

Søknaden frå Bergen turlag er datert den 12. april 2016 og er signert hytte- og rutesjef Johnny Bjørge. Nasjonalparkforvaltaren har også vore i kontakt med både Johnny Bjørge og entreprenør Bjørn Vike via telefon og e-post. Turlaget søker om løyve til å kunne nytte helikopter for å frakte opp naudsynt utstyr i samband med bygginga av ny sikringshytte på Skåla, jf styresak 22/15. Det som skal er planlagt frakta opp er pukk, grus, betong, vatn, trematerial, proviant, midlertidige toalettfasilitetar, boligbrakkar, personell, med meir. På telefon seier Bergen turlag at personellet som regel vil nytte høvet til å gå ruta til fots, men at i særskilte tilfelle kan det bli naudsynt med helikopterfrakt av folk i samband med annan utstyrtransport.

Arbeidet er tenkt utført sommaren 2016, med planlagt oppstart 1. juni 2016. Dei skriv at, om mogeleg, vil dei starte tidlegare enn det. Dei planlegger ferdigstilling av prosjektet 10. oktober 2016, men skriv samstundes at grunna mange usikre moment, så kan datoen bli utsett. Bergen turlag søker om helikopterløyve frå og med 1. mai 2016 til og med 1. mai 2017. Omfanget som dei søker om er mellom 170 og 200 hiv med helikopter. Flyginga skjer frå Breng via Brengsdalen og til Skålatårnet. Bjørn Vike informerer at dei vil forsøke å ha to helikopter samstundes for å konsentrere flyginga mest mogeleg i tid.

Bergen turlag sendte same søknad til Stryn kommune, og fekk løyve den 20.04.2016. I løyvet skriv Stryn kommune følgjande vurdering:

I og med at Skålatårnet ligg i ein nasjonalpark vil søknaden om dispensasjon måtte handsamast både av kommunen i høve motorferdsellova og av nasjonalparkstyret i høve nasjonalparkføresegnene. Normalt vil nasjonalparkføresegnene vera dei «strengaste» premissleverandørane for kva som vert tillate av motorisert aktivitet i verna område. Vi må difor også forvente at nasjonalparkstyret vil presentere meir detaljerte krav i høve den relativt omfattande flyginga som må skje, sidan Skåla er eit såpass ettertrakta turmål.

Jamfør §6 i motorferdsellova skal kommunen vurdere om det ligg føre særlege grunnar for flyginga det er søkt om. Det gjer det ganske opplagt. Trongen for ei sikringshytte på Skåla har lenge vore eit tema. Når no byggeprosjektet er godkjent og skal igangsetjast i 2016, finnst det ingen alternativ måte å få opp bygningsmaterialene på enn ved lufttransport. Dette må likevel gjerast så skånsamt som mogleg i høve dei mange turgåarane som er i området om sommaren.

Følgjande administrativt vedtak vart gjort av miljøvernleiar Odd Rønningen:
Stryn kommune gjev Bergen og Hordaland Turlag dispensasjon frå motorferdsellova til nytte helikopter til frakt av materialer og utstyr til bygging av sikringsbu på Skålatårnet i samsvar med godkjente planar for tiltaket. Dispensasjonen har desse avgrensingane:

- Bruken av helikopter skjer mellom Loen og Skålatårnet.
- Antal tur-/retur-turar med helikopter er avgrensa til 200.
- Dispensasjonen gjeld for perioden 1.mai til og med 15.oktober 2016.

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er (jf. verneforskrifta pkt. III):


- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av material til hytter, klopper mm., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»

I tråd med naturmangfaldlova (NML) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Det følgjer naturleg av eit byggeløyve å også gje løyve til transport av materialar.



Kartet viser traseen for turstien opp til Skålatårnet (dei blå strekane) og planlagt rute for helikopterflyginga (raud strek).

For dyreliv har motorferdsel ei forstyrrende effekt. Jamfør Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er det registrert hekkelokaliteter av sårbare artar i utkanten av ein stor radius rundt den planlagde flyginga. Det er likevel så langt unna at det ikkje vil bli påverka av støyen dersom flyginga held seg langs traseen på kartet. Det kan ikkje utelukkast at det er fleire hekkelokalitetar i det omsøkte området, men vi har ingen registreringar eller observasjonar pr. dags dato.

Motorferdsel har også ei uroande effekt på friluftsliv. Det er allereie noko helikoptertrafikk til Skålatårnet. Bergen turlag har faste, årlege flygingar (ca fem) dit med ved, gass og proviant. Motbakkeløpet Skåla Opp har også to turar pr. år. Ein kan diskutere om den samla belastinga (§ 10) allereie er stor rundt Skålatårnet, og om bruken av motorisert ferdsel i området kan påverke verneverdiane. Per i dag har vi ikkje informasjon som tyder på at samla belastning på økosystemet er for stor, men vi bør vere på vakt for ei utvikling mot stadig meir aktivitet i dette området. I byggjeløyvet til Bergen turlag, punkt 6, er det eit vilkår om at nivået på motorferdsel, i driftsfasen av den nye sikringshytta, skal ligge om lag på dagens nivå (altså 2015).

Grunna den omfattande turaktiviteten i området bør den motoriserte ferdsla avgrensast til berre det mest naudsynte. Med ein helikoptertrasé som går ein annan stad enn turruta, vil ein kunne skjerme den aller største delen av ferdsla. Det vil være dei vandrarane som er ved Skålatårnet i det helikopteret kjem med hiv som vil kunne bli uroa. For å avgrense denne effekten på friluftsliv er det difor sett ei rekkje vilkår (§§ 10, 12). Med god informasjon til turgåarar allereie på parkeringsplassen på Tjugen vil ein kunne skape meir forståing for den støyande aktiviteten, og informere om hensikta med ferdsla. Erfaring frå 20 år med forvaltning har gitt forvaltningsmyndet god oversikt over naturmangfaldet i området, og forvaltar vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere tilstrekkeleg til å vurdere søknaden (jf. nml. § 8). Erfaringa seier også at folk går på tur i dette området på alle vekedagar, like gjerne på måndagar som søndagar. Det er difor ikkje eit absolutt vilkår om å unngå helge- og heilagdaggar fordi nasjonalparkforvaltaren vurderer at traseen er det viktigaste vilkåret, ikkje kva dag dei skal flyge.

Helikopter er det motoriserte framkomstmiddelet som er mest brukt i Jostedalsbreen nasjonalpark, og andre driftsmetodar for transport av større mengde materialar og liknande er ikkje mogeleg til Skålatårnet, utan at konsekvensane for naturmangfaldet blir enda større (§ 12). Med ei anna rute enn turruta, vil denne driftsmetoden være mest skånsam. Det er også ein fordelaktig driftsmetode å ha to helikopter samstundes, slik at flyginga blir mest mogeleg konsentrert i tid. Forvaltar har høge forventningar til turlaget om at utstyret skal lagrast forsvarleg, slik at svinn vert unngått.

Naturmangfaldlova si § 11 vert ikkje vurdert som relevant for denne saka, anna enn at det vil truleg være meir kostbart for Bergen turlag å ha arbeidsfolk som går opp til 1800 m.o.h. og ned til fots enn å fly dei opp og ned. Naturmangfoldlova si § 9 om føre-var-prinsippet er ikkje aktuell, då vi har god nok kjennskap til området til å vurdere konsekvensane.

Erfaringa vår viser at det er mykje dårleg vær i høg fjellet, og byggeperioden kan potensielt bli lang. Bergen turlag søker om flygeløyve fram til 1. mai 2017, men etter nasjonalparkforvaltaren si vurdering er det betre å gje eit romsleg løyve for heile byggeperioden. Dersom sommaren 2016 byr på dårleg vær kan det også bli vanskeleg å lagre material for lengre periodar på høg fjellet, og ein må kanskje fly oftare for å

unngå svinn. Turlaget søkte om løyve allereie frå 1. mai 2016, men fekk tilbakemelding om at løyvet vart handsama først under styremøtet den 6. juni.

Kostnaden knytt til helikoptertransport gjer at tal turar naturlegvis vil avgrense seg. Når turlaget søker om 170 – 200 hiv med helikopter, er dette likevel eit særst høgt tal turar med helikopter. Det er ukontroversielt å ha med eit vilkår som seier at helikoptertransporten skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.

Nasjonalparkforvaltaren vurderer at så lenge vilkåret om at flyginga skal halde seg til det aller mest naudsynte, så er det vanskjeleg å innskrenke ramma på tal hiv, jf kva turlaget søker om. Sikringshytta skal uansett byggjast, og betong og plank må opp. Sidan helikoptertransport er dyrt, vil truleg omfanget avgrense seg til det som er strengt naudsynt (§12). Med ein rapport i ettertid vil styret kunne vite kor mange turar som var naudsynte for transporten.

Forvaltar vurderer at saka er nøye vurdert, og at Bergen turlag kan få løyve på vilkår.

Arkivsaksnr: 2016/1499-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 29.04.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	24/16	06.06.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorisert ferdsel og lagring av kasser og utstyr ved Briksdalsvatnet - Briksdal Adventure

Innstilling frå forvaltaren

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i samsvar med verneforskrifta § IV, punkt 1.3, første strekpunkt, løyve til Briksdal Adventure v/Frode Briksdal, for lagring av fire kasser med utstyr og inntil åtte raftingbåter på tilvist plass i skogbrynet i utkanten av strandflata ved Briksdalsvatnet.

Løyvet for lagring har følgjande vilkår:

- Utstyret skal ikkje være dominerande i området.
- Dei fire kassane og dei åtte raftingbåtane som skal lagrast i det tilviste området skal være til nytte. Alt anna i det same området, samt kasser/båter som ikkje er i bruk eller er øydelagt skal ut av nasjonalparken. Det skal ikkje være søppel i nasjonalparken.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir også, i medhald av verneforskrifta § IV, punkt 4.3, andre strekpunkt, løyve til Briksdal Adventure v/ Frode Briksdal, for motorisert frakt av omtalt utstyr til tilvist plass i skogbrynet i utkanten av strandflata ved Briksdalsvatnet.

Løyvet for motorferdsel har følgjande vilkår:

- Transporten skal skje på ein tid av døgnet då det er tilnærma fritt for besøkande til nasjonalparken.
- Transporten skal utelukkande følgje gangvegen, stoppe før gangvegen er slutt, og skal ikkje sette spor.

Dette løyvet gjeld i fire år, det vil seie til og med år 2019. Etter det må de søkje på nytt.

Nasjonalparkstyret kan trekkje løyvet tilbake dersom vilkåra blir brotne eller det dukkar opp andre høve som skulle tilseie inndraging. Sekretariatet kan vise utstyret/kassene til ein annan plass i området dersom det er naudsynt.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad frå Briksdal Adventure v/ Frode Briksdal
- Tidlegare løyve frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

Søknaden

Briksdal Adventure v/ Frode Briksdal skriv, i søknad datert den 15. april 2016, at dei ønskjer å vidareføre tidlegare løyve frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Søknaden gjeld lagring av utstyr i fire trekasser, samt raftingbåtar. Dei fire kassene inneheld utstyr som t.d. redningsvestar, førstehjelpsutstyr, padleårer, gummistøvlar, og liknande for næringsaktiviteten deira. Staden der kassane er lagra pr. i dag er til venstre i det ein kjem inn på bresanden, inn mot krattskogen.

Briksdal Adventure tilbyr padleturar for turistar på Briksdalsbrevatnet, ein aktivitet som tok seg opp då breføringa på Briksdalsbreen opphørte. Dei har om lag 2000 gjester kvar sommarsesong på disse padleturane, og treng lagerplass for at aktiviteten skal gå føre seg på ein trygg og forsvarleg måte. Utan lagerplassen kan dei ikkje drive med padleaktiviteter der, skriv Frode Briksdal i søknaden. Tidlegare hadde dei 16 raftingbåtar liggjande, men no ligg berre det talet båtar dei skal bruke i den daglege drifta. Øydelagde raftingbåtar er fjerna, og mykje ubrukeleg utstyr er også fjerna ila vinteren.

Fordi det er mykje utstyr som skal fram til brevatnet før sommarsesongen, og også tilbake til trygg vinterlagring etter sommarsesongen, ønskjer Briksdal Adventure også løyve til å kunne frakte dette inn og ut av nasjonalparken med motorisert hjelp. Det er om lag 2-3 turar med ATV som er aktuell transportmåte.

Lovgrunnlag

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg (...) (verneforskrifta pkt. IV, 1.1.). Forvaltningsmyndet kan, når særlege grunner ligg føre, gje løyve til å setje opp skilt og setje opp bygningar m.m. (verneforskrifta pkt. IV, 1.3.), der å setje opp (store) utstyrs-kasser kjem inn under dette.

I Jostedalsbreen nasjonalpark er motorferdsle forbode (verneforskrifta pkt IV 4.1). Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for transport av material til hytter, klopper, m.m. (...) (verneforskrifta pkt IV, 4.3).

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Kassane er plassert i utkanten av strandflata inne i krattskogen, og er ikkje veldig dominerande i området i dag (sjå bilete). Tidlegare har den same næringsaktøren fått

løyve i fleire omgangar frå det førre forvaltningsmyndet, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Det første løyvet, datert i 1999, gjaldt lagring av breutstyr for brevandring på Briksdalsbreen, ein aktivitet som naturlegvis ikkje har kunne bli vidareført.

Dersom det hadde vore mange ulike aktørar som hadde tilbydd den same aktiviteten ved brevatnet, så hadde kanskje saka vore litt annleis. Men sekretariatet vurderer at dette er ei vidareføring av eit tidlegare løyve, til ein næringsaktivitet som er viktig lokalt, og som gjev turistar høve til å oppleve brevatnet og verneområdet frå ein litt annan vinkel. Vi ser at det er positivt med lokale og kunnige folk i dette området dagleg, som ev også vil kunne sei i frå dersom nokon oppfører seg uforsvarleg eller går inn i dei rasfarlege områda nær breen. Forvaltninga vil likevel understreke at det er kvar enkelt besøkande sitt ansvar å lese skilta og ikkje gå forbi sperregjerde.

Spørsmål om det er naudsynt med motorferdsel for frakt av utstyret er litt meir opent. Bruk av ATV i nasjonalparken er eit framandelement som vil verke inn negativt på opplevinga av eit stort, variert og verdfullt område i naturleg tilstand. Samtidig er 2-3 turar på den godt tilrettelagde stien om natta ila ein sommarsesong ei forstyrring av kortvarig karakter (nml § 10). Det er mange menneske som går langs stien, og ferdsel med ATV vil kunne uroe folk viss det er folk der på den tida då det skal fraktast utstyr.

Stien er ca 1-1,5 meter brei, og frå nasjonalparkskiltet og inn til lagringsplassen er det i ca 100 meter. Nasjonalparkforvaltaren er godt kjent i området (nml § 8), og vurderer at det ikkje vil setje hjulspor med ein lett ATV på den mykje brukte turiststien. Det er likevel på vilkår at det ikkje vert kjørt rett etter mykje regn, då stien er blaut. Dersom utstyret blir frakta på ein tid av døgnet då det ikkje er folk ute, på vilkår at dei utelukkande skal følgje gangvegen og stopper før vegen slutter (nml § 12), så vurderer forvaltar at frakta ikkje representerer ein trussel mot verneverdiane. Det er ikkje mangel på kunnskap i det omsøkte området eller om konsekvensane for det omsøkte tiltaket, så nml § 9 er ikkje aktuell i dette tilfellet.



Det mørkegrøne feltet syner eit område som er kategorisert som B – *viktig*, i den supplerande naturtypekartlegginga i området frå 2011. I Naturbasen (nml § 8) er området registrert som naturtype *Sørvendte berg og rasmarker*, og grunngevinga for verdifastsettinga er at lokaliteten er velutvikla og har artsrik flora. Det lysegrøne området syner kvar nasjonalparken er.

Briksdalsbreen er ein av landets mest besøkte turistdestinasjonar, og har hatt turister oppover dalen i fleire hundre år for å sjå på breen. Den samla belastinga på området kan være omdiskutert viss ein ser på kor mange menneskje som kjem. Det er likevel særers godt tilrettelagt for den samla belastinga som dei besøkande representerer. Viss ein utelukkande ser på motorisert ferdsle, så er den samla belastinga innanfor verneområdet sine grenser i dette området veldig lita (nml § 10). Dersom det blir spor i turvegen, er det aktuelt å bruke nml § 11, der kostnadane av miljøforringing skal berast av tiltakshavar. Tiltakshavar har all interesse av at området ser fint ut for dei besøkande.

Med dei vilkåra som er sett for løyvet, og vurderingane etter §§ 8 – 12 og etter vernforskrifta, meiner forvaltar at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med verneformålet, og ikkje påverkar verneverdiane i særleg grad.



Det går meir enn hundre tusen mennesker kvart år langs denne stien inn mot Briksdalsbreen. Den tåler mykje folk, og vil også kunne tåle ein lett ATV for frakt av naudsynt utstyr til padleaktivitet på brevatnet.



Fire lagringskasser i krattskogen ved Briksdalsbrevatnet. Begge foto datert mars 2014 v/ Maria Knagenhjelm.

Arkivsaksnr: 2015/4004-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 26.05.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	25/16	06.06.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark - utvikling av film om nasjonalparken jf tiltaksplanen

Notat

Målgruppe: Gjere folk som bur rundt verneområdet stolte av nabolaget sitt, og pirre interessa til dei som har vestlandet som reisemål.

Kven har nytte og glede av å lære meir om nasjonalparken? Dei som bur ved nasjonalparken og som er stolte av den. Den einsame vandrar som vil ha fjellet for seg sjølv. Bærplukkaren frå bygdi under breen. Bonden som leiar kyrne sine til det friske graset på fjellstølen. Turisten frå Japan som spør kor ofte vi farger breen blå. Vennegjengen som skal gå Josten på langs. Turlaget som vil stå på toppen av Vestlandsdronninga. Hobbyornitologen som leitar etter fugl i storslåtte omgjevnadar. Forskaren som måler bresmeltinga, og som er uroa for framtida til den største isen på det europeiske fastlandet.

Kva skal filmen brukast til?

Presentasjonar om nasjonalparken både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Dele på Youtube, Facebook og heimeside. *Lokalt:* Gjere lokale menneskje stolte av nabolaget sitt og auke forståinga av vernet. Bruke filmen på dei tre autoriserte nasjonalparksentra, potensielt 150 000 menneskje frå inn- og utland pr. sommarsesong. *Nasjonalt:* bruke til presentasjonar i kommunane, på SognaVert, til skuleklassar og studentar. *Internasjonalt:* Dei tre nasjonalparksentra skal kunne bruke filmen på reiselivsmesser for å vise kva nasjonalparken er.

Tema: Velkommen inn. Ein invitasjon til Jostedalsbreen nasjonalpark. Portaltankegang. Fokus på kjerneverdiane! WOW-faktor vs informasjon. Ta utgangspunkt i designmanualen frå Snøhetta. <http://designmanual.norgesnasjonalparker.no/>

Bygge filmen opp rundt dei tre verneføremåla til nasjonalparken:

- Å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.

Stikkord: Frå grøne og frodige skogar til is og snø og toppar på over 2000 meter. Kongeørn, villrein, jaktfalk, fjellrype i sine naturlege habitat. Humler, sommarfuglar, mose og lav. Burande hjort i liane. Aktive breelvsletter, ville elver og kvite fossar. Morenar, flyttblokker, blankslipte berg og jettegryter.

- Å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.

Stikkord: Vennegjengen på topptur. Josten på langs. Matpakke på Flatbrehytta. Stå på toppen av Lodalskåpa i strålende solskinn. Taulag i blåisen. Plukke blåbær i liene. Hauste sopp. Jegeren etter hjorten. Villrein ved Kamperhamrane. Japanske turister framfor Supphellebreen. Lågterskel naturoppleving for bussgrupper ved Briksdalsbreen/Bøyabreen.

- Å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Stikkord: Følgje kyrne inn til Erdalssetra/Sunddalssetra. Beitande geiter i Brenndalen. Sau i Bakkedalen. Skålatårnet og stien opp til fjellet. Livet på setervollen, dei gamle sela og utmarksløene. Dei gamle ferdselsvegane mellom bygdene; Lundeskaret, Oldeskaret, Kamperhamrane. Turen over Lodalsbreen. Stadnamna som vitnar om historia.

Korleis skal filmen utformast?

Alternativ 1: Ein kort film om nasjonalparken på 3-5 minutt for nettvisning og under presentasjonar. Ein lengre film på 15 minutt for visning på nasjonalparksentra og på reiselivsmesser.

Alternativ 2: Lage ein kort film pr. verneføremål. Disse tre kan deretter syast saman og visast som ein heilskap.

Skal det være musikk i bakgrunnen? Då vil den passe til eit breitt publikum som ikkje er avhengig av oversetting. Elles kan vi ha noko tekst, som ev kan oversettast. Vi kan også ha «voice over» og oversette til utvalte språk.

Korleis skal vi lage ein slik film?

Nasjonalparkstyret har to alternative firma som kan produsere ein film om nasjonalparken. Sekretariatet har hatt møte med begge firma, dei er begge lokale og kjenner godt til verneområdet, og har begge kontor i Sogndal. Begge firma har bakgrunn i friluftsliv og mediemiljøet i Sogndal, og kjenner nasjonalparken godt.

Falkeblikk: <http://www.falkeblikk.no/>

Har fleire års erfaring og fått seg eit godt namn i marknaden. Har god kompetanse på dronefilming og mykje filmutstyr av høg kvalitet. Har produsert filmar for m.a.

VisitNorway, Bergans, De Historiske, m.fl. Nasjonalparkstyret skal få sjå filmen på styremøtet som Falkeblikk laga for Visit Norway/Reisemål Nordfjord om Skåla:

<https://www.youtube.com/watch?v=WWj4IdWzxL8>

Falkeblikk har råmateriale frå både Skåla (friluftsliv og kulturminne) og Jostedalen (både bregrotta, brevandring, kajakk på Styggevatnet, m.m.), noko som kan nyttast i ein ny nasjonalparkfilm.

Capture Film: <http://www.capturefilm.no/>

Nystarta firma som har spesialisert seg på film og foto, samt filming med drone. Har laga film frå HighCamp på Turtagrø. Omtalar seg sjølv som mobile og fleksible, og med låge kostnadar grunna ønskje om opparbeiding av erfaring/referansar. Har råmateriale frå ulike delar av nasjonalparken, samt hjorteburing. Sjå døme på film her (blir også vist under styremøtet): <https://vimeo.com/164075929> eller sjå heimesida.

Vegen vidare

Nasjonalparkstyret må bestemme kva firma vi skal bruke til denne kontrakten. Styret har i utgangspunktet kr 100 000,- (ekskl. mva) avsett til oppdraget, men det kan også bli meir dersom vi har ubrukte midlar mot slutten av året. Dersom det ikkje kan bli ein komplett film av denne summen, kan vi prøve å skaffe meir via bestillingsdialogen i 2017. Sekretariatet har ikkje kapasitet til å søkje midlar frå andre stader.

Norsk Bremuseum, Breheimsenteret og Jostedalsbreen nasjonalparksenter har alle ønskje om å vise filmen på sine respektive senter, samt på messer og liknande. Nasjonalparksekretariatet innkallar sentra, samt destinasjonsselskapa, til eit møte med filmselskapet i juni for å kartfeste og tematisere filminga før sommaren.

Vurdering

Etter sekretariatet sitt inntrykk frå møte med begge firma, har dei kvar seg gode idear til korleis ein film om nasjonalparken kan bli. Dei to skil seg frå kvarandre på nokre område: Falkeblikk er meir etablert i marknaden, har meir erfaring, men er dyrare å leige inn til eit slikt oppdrag. Fordi dei har filma ein del i nasjonalparken frå før, kan det tidlegare råmaterialet nyttast om att. Capture er ganske nystarta, har ikkje like mykje å vise til. Dei har likevel gode døme på arbeidet sitt og er signifikant rimelegare i pris.

Sekretariatet vil orientere muntleg under styremøtet om priser og anna informasjon som er konkurransesensitivt. For å starte opp arbeidet i 2016 må nasjonalparkstyret, før sommaren, ta stilling til kva firma som skal få oppdraget. Filmen bør være ferdig ila hausten/vinteren 2017(/2018).

Arkivsaksnr: 2016/1577-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 25.05.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	26/16	06.06.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark - helikoptertransport og bytte av tak på sel på Ruteflotsetra - R. Nesdal

Innstilling frå forvaltaren

I medhald av forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første strekpunkt, får Rune Nesdal løyve til å endre taket sitt på Ruteflotsetra. Endringa går ut på å bytte ut det gamle taket av rustfarga bølgeblekk til nytt ståltak med svart farge.

Løyvet vert gjeve på vilkår av at:

- Alt anna bos enn reint trevirke skal fraktast ut av nasjonalparken og leverast på godkjent mottak.
- Det skal ikkje liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført.
- Rapport med bilete av selet vert sendt forvaltar etter utført arbeide.

I medhald av forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 4.3, andre strekpunkt, får Rune Nesdal løyve til helikopterfrakt av byggematerial til eige og Anne Sølvi Sande Hoem sitt sel, den kortaste traseen inn til Ruteflotsetra.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- Helikoptertransporten gjeld frå 6. juni 2016 til 15. august 2016, og gjeld for inntil fem hiv.
- All motorferdsle skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og skal ha som mål å ikkje uroe dyreliv eller friluftsliv.
- Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (mob.959 63 888) skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.
- Nasjonalparkstyret skal ha ein skriftleg rapport om flyginga etter utført oppdrag, og seinast 1. oktober.

Løyvet gjeld for helikoptertransport jf. verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar må også hugse å innhente løyve frå Stryn kommune og frå grunneigararar.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad frå Rune Nesdal datert den 10. april 2016, samt søknad frå Anne Sølvi Sande Hoem datert 3. mai 2016.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sine styresakar 17/15 og 18/15.
- Forskrift om Jostedalsbreen nasjonalpark
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

Søknaden

I søknad datert 10. april 2016 søker Rune Nesdal om løyve til å skifte taket på selet sitt på Ruteflotsetra i Nesdalen, Lodalen, Stryn kommune. Forvaltar har også vore i kontakt med søkjar på telefon og e-post.

Rune Nesdal søker om å bytte ut det noverande bølgjeblekktaket på selet sitt med eit svart ståltak med kantete profil. Selet hans tilhøyrar garden hans, med gbnr 78/2. Selet på Ruteflotsetra hadde opphavleg torvtak, men far til Rune Nesdal la på bølgjeblekk for over femti år sidan for å halde taket tett. Fordi han ønskjer å ta vare på selet, og fordi taket ikkje held fukt og vatn ute lenger, må det leggjast på eit nytt tak. Dimensjonar, utstikk og vinklar på taket blir uendra, og ikkje noko skal endrast på fasaden av selet. Selet er gammalt, og i bruk både sommar og haust, skriv Rune Nesdal.

Han søker også samstundes om løyve til å fly materialane inn med helikopter. Helikopterflyginga skal samordnast med ein annan søkjar; Anne Sølvi Hoem Sande, som søker om same endring på taket på sitt eige sel. Rune Nesdal står som søkjar av helikoptertransporten. Han søker om tilsaman fem hiv i perioden 6. juni til 15. august. Nesdal reknar med å utføre arbeidet ila juli, men vil ha litt slingringsmonn på tidsvindauget for flyging, i tilfelle været er dårleg.

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta pkt. III omtala slik:

- *«å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.*
- *å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.*
- *å verne om kulturminne og kulturlandskap.»*

Ifølge verneforskrifta pkt. IV, 1.2, 1. strekpunkt er ikkje vernereglane til hinder for: *at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggeskikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast.*

Vidare står det i pkt. IV, 1.3, 1. strekpunkt at *forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det (kan) når særlege grunnar ligg føre gje løyve til: - byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under pkt. 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk på staden og tilpassast landskapet i området.*

Stølsmiljøa i Jostedalsbreen nasjonalpark er ein viktig del av landskapsbiletet, og tiltaket skal difor vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (nml.), jf. nml. § 7, og føremålet med nml. (§ 1): *Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern (...).*

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er kulturminne og bygningar omtala slik: *Hindre at kulturminne og verdfullt kulturlandskap vert øydelagde av inngrep og slitasje. Dersom det er ønskeleg skal verdfulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø i Jostedalsbreområdet takast vare på gjennom restaurering.*

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av material til hytter, kløpper mm., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: *«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»*

Vurdering

Kulturminne og kulturlandskapet er eitt av dei tre verneføremåla for Jostedalsbreen nasjonalpark. Det pålegg såleis nasjonalparkstyret eit viktig ansvar å passe på stølsmiljøa i verneområdet. Ruteflotsetra ligg ovanfor ei veglaus grend, Nesdal, på sørvestsida av Lovatnet, og har aktive brukarar av alle sela på setra.

Inntil sommaren 2015 var alle taka på sela på Ruteflotsetra av type rustraud, bølgja bølgeblekk. Nasjonalparkstyret gav, i sak 17/15 gjeldande selet til Ole Simen Nesdal, og i sak 18/15 gjeldande selet til Steinar Nesdal, løyve til å legge svart ståltak på dei to sela. I den første saka var taket allereie lagt og arbeidet ferdig utført før han søkte, mens i den andre saka vart løyve gitt før arbeidet vart sett i gong. Takmateriala til Steinar Nesdal hadde likevel blitt flydd opp med helikopter før løyvet vart gitt.



Ruteflotsetra i Stryn, bilete teke frå nord: Frå ytste venstre er selet til Anne Sølvi Sande Hoem (gbnr 72/2), Steinar Nesdal, Ole Simen Nesdal (gbnr 78/1) og det aktuelle, omsøkte selet til Rune Nesdal (gbnr 78/2).



Ruteflotsetra i Stryn, bilete teke frå sør. Dato alle bilete: 12.05.2015, fotograf: Christian E. Pettersen.



Det omsøkte selet til Rune Nesdal. Det er kun taket som skal skiftast.

Forvaltar har vore i dialog med både Rune Nesdal og Anne Sølvi Sande Hoem, og gitt mykje informasjon om ulike stader ein kan søkje om finansiering til antikvarisk restaurering. Sekretariatet har også tilbudd å skrive med eit følgjebrev til søknadar om kor viktige stølsområda er i nasjonalparken. Å søkje om midlar til slike prosjekt er likevel eit spørsmål om kapasitet, og søkjarane er ikkje innstilt på å tilbakeføre taka til torv. Dei ønskjer det same svarte taket som dei to andre sela fekk løyve til frå nasjonalparkstyret sommaren 2015.

I saksprotokollen frå møte i nasjonalparkstyret den 29.06.2015 står følgjande:

Handsaming i møte

Styret spelte inn at det burde stillast vilkår om at bølgeblekk med runde former vert nytta neste gang selet/taket skal vølast. Dette for å ivareta den tradisjonelle byggjeskikken på staden på sikt, samt å begrense faren for presedens.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Løyve med heimel i verneforskrifta pkt. IV, 1.3, 1. strekpunkt vert gjeve på vilkår som går fram under, for:

- Oppføring av dobbeltfalsa panel på veggene, og legging av ståltak med kantete profil

Løyvet vert gjeve på vilkår av at:

- Behandla trevirke, papp og anna materiale som ikkje bør brennast, skal fraktas ut av nasjonalparken.

- Det skal ikkje liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført.

- Neste gang selet/taket skal vølast må det nyttast bølgeblekk med runde former

Stølsmiljøa er ein viktig del av vernegrundlaget for Jostedalsbreen nasjonalpark, og forvaltninga har god kunnskap om kulturmiljøet og kulturlandskapet rundt stølane (jf. nml. § 8). Det avgjerande spørsmålet i denne saka er om svart, kanta ståltak er ein type takmateriale som kan brukast utan å være i konflikt med «tradisjonell byggeskikk på staden og tilpassa landskapet i området».

Bygga på Ruteflotsetra har hatt tak med bølgeblekk med runde former. Dette kan såleis seiast å vere den tradisjonelle byggjeskikken på staden. Å bruke ståltak med kantete profil kan, med eit visst skjønn, også sjåast på som forenelig med byggjeskikken på staden, viss ein legg til grunn at *platetak* er tradisjonell byggeskikk. På avstand kan svart (kanta) tak verke som meir tilpassa landskapet i området, framfor eit heilt spegelblankt (bølgja) tak (§ 12). Då nasjonalparkstyret handsama spørsmålet om type tak i 2015, vart det gitt løyve til det svarte, kanta taket, men på vilkår at neste gong det skulle skiftast, skulle taket ha runde, bølgja former, for å unngå presedens. Spørsmålet er då om det bli ulik handsaming av like saker dersom styret no skulle pålegge eigarane av dei to siste sela på Ruteflotsetra å ha bølgja former, når dei to første søkjarane fekk ha sine kanta former.

Ein føresetnad for å halde kulturlandskapet ope er at stølsområda er i bruk, og at eigarane driv jamnleg vedlikehald av bygga (jf. nml. § 8). Tiltaket er ikkje venta å føre til nokon som helst belastning på økosystemet (jf. nml. § 10), utover den aktiviteten knytt til stølsmiljø som det er ynskjeleg å ha for å oppretthalde kulturlandskapet. Jamfør nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, bør det setjast vilkår om at eventuelt behandla trevirke, papp og anna som blir til overs, skal fraktas ut av nasjonalparken, og at det ikkje skal liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført. Reint trevirke kan brukast som brensel i selet, eller brennast på bål. Kostnadane ved miljøforringelse er lite aktuelt i dette tilfellet (jf. nml. § 11), og § 9 er heller ikkje aktuell å nytte i spørsmålet kring taktype.

Helikopter er det motoriserte framkomstmiddelet som er mest brukt i Jostedalsbreen nasjonalpark, og andre driftsmetodar for transport av større mengde material er ikkje moglege til Ruteflotsetra. Det er ikkje anna motorisert ferdsla i området, og den samla belastninga av støy i området vert såleis vurdert som liten (§10). Sidan helikoptertransport er dyrt, vil truleg omfanget avgrense seg til det som er strengt naudsynt (§12). Det er registrert viktig biologisk mangfold som er sårbar for støy i ein større radius rundt den omsøkte motorferdsle. Ved å halde ferdsla til den

planlagde ruta, er det likevel lita fare for uroing. Det er vilkår om at dei ansvarlege melde i frå til naturoppsynet før flyging. Med ein rapport i ettertid vil styret kunne vite kor mange turar som var naudsynte for transporten (§ 8). Naturmangfaldlova si § 11 vert ikkje vurdert som relevant for denne saka.

Forvaltar vurderer at svart, kanta tak er i tråd med formuleringa i forskrifta om å *være i tråd med byggeskikken på staden og tilpassast landskapet i området*, og tilrår å gje løyve. Forvaltar vurderer også at den omsøkte motorferdsla på fem hiv til Ruteflotsetra er i tråd med unntaksreglane i forskrifta, og tilrår å gje løyve. Vilkåret er at transporten blir samordna mellom søkjarane Rune Nesdal og Anne Sølvi Sande Hoem.

Arkivsaksnr: 2016/1780-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 25.05.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	27/16	06.06.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark - skifte av tak på Ruteflotsetra - A. Hoem

Innstilling frå forvaltaren

I medhald av forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første strekpunkt, får Anne Sølvi Sande Hoem løyve til å endre taket sitt på Ruteflotsetra. Endringa går ut på å bytte ut det gamle taket av rustfarga bølgeblekk til nytt ståltak med svart farge.

Løyvet vert gjeve på vilkår av at:

- Alt anna bos enn reint trevirke skal fraktast ut av nasjonalparken og leverast på godkjent mottak.
- Det skal ikkje liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført.
- Rapport med bilete av selet vert sendt forvaltar etter utført arbeide.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad frå Anne Sølvi Sande Hoem datert 3. mai 2016 samt søknad frå Rune Nesdal datert den 10. april 2016.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sine styresakar 17/15 og 18/15.
- Forskrift om Jostedalsbreen nasjonalpark
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

Søknaden

I søknad datert 3. mai 2016 søker Anne Sølvi Sande Hoem om løyve til å skifte taket på selet sitt på Ruteflotsetra i Nesdalen, Lodalen, Stryn kommune. Forvaltar har også vore i kontakt med søker på e-post.

Anne Sølvi Sande Hoem søker om å bytte ut det noverande bølgeblekktaket på selet sitt med eit svart ståltak med kantete profil. Selet hans tilhøyrar garden hennar, med gbnr 72/2. Fordi ho ønskjer å ta vare på selet, og fordi taket ikkje held fukt og vatn ute lenger, må det leggjast på eit nytt tak. Dimensjonar, utstikk og vinklar på taket blir uendra, og ikkje noko skal endrast på fasaden av selet. Selet er gammalt, i bruk både sommar og haust, og halde vedlike, skriv Anne Sølvi Sande Hoem.

Ho søker ikkje om helikoptertransport, då dette allereie er samordna med ein annan søker; Rune Nesdal.

Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta pkt. III omtala slik:

- «å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.»

Ifølge verneforskrifta pkt. IV, 1.2, 1. strekpunkt er ikkje vernereglane til hinder for: *at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggeskikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast.*

Vidare står det i pkt. IV, 1.3, 1. strekpunkt at *forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det (kan) når særlege grunnar ligg føre gje løyve til: - byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under pkt. 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggeskikk på staden og tilpassast landskapet i området.*

Stølsmiljøa i Jostedalsbreen nasjonalpark er ein viktig del av landskapsbiletet, og tiltaket skal difor vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (nml.), jf. nml. § 7, og føremålet med nml. (§ 1): *Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern (...).*

I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er kulturminne og bygningar omtala slik: *Hindre at kulturminne og verdfullt kulturlandskap vert øydelagde av inngrep og slitasje. Dersom det er ønskeleg skal verdfulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø i Jostedalsbreområdet takast vare på gjennom restaurering.*

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av material til hytter, klopper mm., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: *«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»*

Vurdering

Kulturminne og kulturlandskapet er eitt av dei tre verneføremåla for Jostedalbreen nasjonalpark. Det pålegg såleis nasjonalparkstyret eit viktig ansvar å passe på stølsmiljøa i verneområdet. Ruteflotsetra ligg ovanfor ei veglaus grend, Nesdal, på sørvestsida av Lovatnet, og har aktive brukarar av alle sela på setra.

Inntil sommaren 2015 var alle taka på sela på Ruteflotsetra av type rustraud, bølgja bølgeblekk. Nasjonalparkstyret gav, i sak 17/15 gjeldande selet til Ole Simen Nesdal, og i sak 18/15 gjeldande selet til Steinar Nesdal, løyve til å legge svart ståltak på dei to sela. I den første saka var taket allereie lagt og arbeidet ferdig utført før han søkte, mens i den andre saka vart løyve gitt før arbeidet vart sett i gong. Takmateriala til Steinar Nesdal hadde likevel blitt flydd opp med helikopter før løyvet vart gitt.



Ruteflotsetra i Stryn, bilete teke frå nord: Frå ytste venstre er det omsøkte selet til Anne Sølvi Sande Hoem (gbnr 72/2), Steinar Nesdal, Ole Simen Nesdal (gbnr 78/1) og det mørke til høgre tilhøyrar Rune Nesdal (gbnr 78/2).



Ruteflotsetra i Stryn, bilete teke frå sør. Dato alle bilete: 12.05.2015, fotograf: Christian E. Pettersen.



Det omsøkte selet til Anne Sølvi Sande Hoem. Det er kun taket som skal skiftast.

Forvaltar har vore i dialog med både Rune Nesdal og Anne Sølvi Sande Hoem, og gitt mykje informasjon om ulike stader ein kan søkje om finansiering til antikvarisk restaurering. Sekretariatet har også tilbudd å skrive med eit følgjebrev til søknadar om kor viktige stølsområda er i nasjonalparken. Å søkje om midlar til slike prosjekt er likevel eit spørsmål om kapasitet, og søkjarane er ikkje innstilt på å tilbakeføre taka til torv. Dei ønskjer det same svarte taket som dei to andre sela fekk løyve til frå nasjonalparkstyret sommaren 2015.

I saksprotokollen frå møte i nasjonalparkstyret den 29.06.2015 står følgjande:

Handsaming i møte

Styret spelte inn at det burde stillast vilkår om at bølgeblekk med runde former vert nytta neste gang selet/taket skal vølast. Dette for å ivareta den tradisjonelle byggjeskikken på staden på sikt, samt å begrense faren for presedens.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Løyve med heimel i verneforskrifta pkt. IV, 1.3, 1. strekpunkt vert gjeve på vilkår som går fram under, for:

- *Oppføring av dobbeltfalsa panel på veggene, og legging av ståltak med kantete profil*
- Løyvet vert gjeve på vilkår av at:*
 - *Behandla trevirke, papp og anna materiale som ikkje bør brennast, skal fraktas ut av nasjonalparken.*
 - *Det skal ikkje liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført.*
 - *Neste gang selet/taket skal vølast må det nyttast bølgeblekk med runde former*

Stølsmiljøa er ein viktig del av vernegrunnelaget for Jostedalssbreen nasjonalpark, og forvaltninga har god kunnskap om kulturmiljøet og kulturlandskapet rundt stølane (jf. nml. § 8). Det avgjerande spørsmålet i denne saka er om svart, kanta ståltak er ein type takmateriale som kan brukast utan å være i konflikt med «tradisjonell byggeskikk på staden og tilpassa landskapet i området».

Bygga på Ruteflotsetra har hatt tak med bølgeblekk med runde former. Dette kan såleis seiast å vere den tradisjonelle byggeskikken på staden. Å bruke ståltak med kantete profil kan, med eit visst skjønn, også sjåast på som forenelig med byggeskikken på staden, viss ein legg til grunn at *platetak* er tradisjonell byggeskikk. På avstand kan svart (kanta) tak verke som meir tilpassa landskapet i området, framfor eit heilt spegelblankt (bølgja) tak (§ 12). Då nasjonalparkstyret handsama spørsmålet om type tak i 2015, vart det gitt løyve til det svarte, kanta taket, men på vilkår at neste gong det skulle skiftast, skulle taket ha runde, bølgja former, for å unngå presedens. Spørsmålet er då om det bli ulik handsaming av like saker dersom styret no skulle pålegge eigarane av dei to siste sela på Ruteflotsetra å ha bølgja former, når dei to første søkjarane fekk ha sine kanta former.

Ein føresetnad for å halde kulturlandskapet ope er at stølsområda er i bruk, og at eigarane driv jamnleg vedlikehald av bygga (jf. nml. § 8). Tiltaket er ikkje venta å føre til nokon som helst belastning på økosystemet (jf. nml. § 10), utover den aktiviteten knytt til stølsmiljø som det er ynskjeleg å ha for å oppretthalde kulturlandskapet. Jamfør nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, bør det setjast vilkår om at eventuelt behandla trevirke, papp og anna som blir til overs, skal fraktas ut av nasjonalparken, og at det ikkje skal liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført. Reint trevirke kan brukast som brensel i selet, eller brennast på bål. Kostnadane ved miljøforinging er lite aktuelt i dette tilfellet (jf. nml. § 11), og § 9 er heller ikkje aktuell å nytte i spørsmålet kring taktype.

Forvaltar vurderer at svart, kanta tak er i tråd med formuleringa i forskrifta om å *være i tråd med byggeskikken på staden og tilpassast landskapet i området*, og tilrår å gje løyve.

ST 28/16 Eventuelt